

Nasjonal kommunikasjonsmyndighet
Postboks 93
4791 LILLESAND

Deres ref

Vår ref
24/3801-111

Dato
22. desember 2025

Supplerande tildelingsbrev nr. 6 for 2025 - Nasjonal kommunikasjonsmyndighet

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD) viser til tildelingsbrevet til Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom) for 2025. Dette tillegget til tildelingsbrevet gjeld følgjande to saker:

1. Endring av løyvingar i 2025
2. Ber om bistand – Informasjon om sivil arbeidskraftberedskap

1. Endring av løyvingar i 2025

Stortinget har ved handsaminga av Innst. 75 S (2025-2026), jf. Prop. 18 S (2025-2026), vedteke følgjande endringar av løyvingar i statsbudsjettet for 2025:

Kap.	Post	Endring av løyving	Ny løyving
1543	01	133 000	282 234 000
1543	22 (ny)		30 000 000
1543	70	24 600 000	227 821 000
1543	71	-5 975 000	0

Løyvingane blir med dette stilte til disposisjon for Nasjonal kommunikasjonsmyndighet.

Post 01: Løyvinga er auka med 0,1 mill. kroner fordi kontingenten til Body of European Regulators for Electronic Communications (BEREC) har auka samanlikna med saldert budsjett for 2025 som følgje av endra valutakurs.

Post 22: Det er oppretta ein ny post 22 Nytt nødnett og løyvd 30 mill. kroner for å dekke utgifter i samband med prosjektet for nytt nødnett. Midlane skal bidra til at det raskt kan inngåast avtalar om strategisk partnerskap med mobilnett-tilbydarane, jf. omtale i Prop. 18 S (2025-2026). Den nye posten har fått stikkordet «kan overførast».

Post 70: Løyvinga er auka med 24,6 mill. kroner for å dekke kostnader knytt til forsterkinga av reserveløysinga for kommunikasjon til Svalbard.

Post 71: Løyvinga er redusert til 0 fordi ordninga først vil starte opp i 2026.

2. Ber om bistand – Informasjon om sivil arbeidskraftberedskap

I krig, ved trugsel om krig eller når sjølvstendet eller sikkerheita til riket er i fare, vil det kunne oppstå knappeleik på ei rekke innsatsfaktorar, inkludert tilgjengeleg arbeidskraft. Det vil då bli behov for tiltak som kan prioritere arbeidskraft internt i ein sektor eller på tvers av sektorar.

Det skal vurderast om det er behov for førebuande tiltak for bruk av sivil arbeidskraftberedskap, inkludert om det er behov for førehandsutpeiking og øving av nøkkelpersonell, særleg knytt til eigne tiltak i Sivilt beredskapssystem (SBS).

Departementet ber derfor Nkom om bistand til å kartlegge ekom- og datasentersektorane sine eventuelle behov for førebuingar til bruk av sivil arbeidskraftberedskap ved sikkerheitspolitisk krise og krig, jf. nytt kapittel VII A i sivilbeskyttelsesloven, under dette behov for

- a) førehandsutpeiking og øving av nøkkelpersonell
- b) tiltak som kan auke tilgangen til arbeidskraft

Nærmare detaljar går fram i brev frå JD datert 9. desember 2025, som vil sendast Nkom separat.

Departementet ber om tilbakemelding dersom Nkom ønsker dialog om dette oppdraget undervegs, under dette om det er ønskeleg med eit oppstartsmøte tidleg i januar.

Frist: 16. februar 2026.

Kontaktperson i DFD: Bente Lund Michaelsen.

Med helsing

Siri Halvorsen (e.f.)
ekspedisjonssjef

Timothy Szlachetko
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi

Riksrevisjonen
Samferdselsdepartementet